

Spørsmål frå Terje Kollbotn (R)

Skriftlege spørsmål om varslingsinstituttet i fylkeskommunen.

I fylgje NRK Vestland sist veke, har Vestland fylkeskommune gjort alvorlege feil i ei varslings sak som gjaldt mobbing, trakassering og frykttkultur på ein vidaregåande skule i fylket.

I staden for å ta varselet på alvor, vart det opna personalsak mot varslaren. Det tok svært lang tid, og fleire varsel vart sendt, før saka vart sendt til Varslingsutvalet. I rapporten frå Varslingsutvalet blir det og peika på at dette er brot på fylket sine etiske retningslinjer om tillit, openheit og takhøgde.

Saka viser at varslingsinstituttet i Vestland fylkeskommune ikkje fungerer slik det skal. Slike saker gjer at mange tilsette vil kvi seg for å varsle om graverande forhold i framtida. Dei kan risikere å sjølv bli straffa for det.

Spørsmål til fylkesordføraren:

1. Kva vil fylkesordføraren gjere for å retta opp att tilliten til varslingsinstituttet i fylkeskommunen?
2. Korleis vil fylkesordføraren syte for at framtidige varslarar blir tatt på alvor og ikkje blir straffa på noe vis?

Svar frå fylkesordføraren:

Spørsmål 1

Vestland fylkeskommune er svært oppteken av at alle tilsette i fylkeskommunen skal ha eit godt arbeidsmiljø. Dette har vore og er ei krevjande sak for alle involverte. Sjølv om Varslingsutvalet har gjennomført ei forsvarleg handsaming av saka, vil det alltid vere læringspunkt i slike vanskelege saker. Fylkeskommunedirektøren vil difor gjennomføre ei evaluering av prosessen med ekstern bistand. Dette vil bidra til at tilliten til varslingsinstituttet vert vidareført.

Spørsmål 2

Fokuset er no å få avslutta saka på ein god måte i dialog med involverte partar. Det er sett i gang eit tett samarbeid med tillitsvalde og verneombod, både på lokalnivå og fylkesnivå, og det vert arbeidd med tiltak saman med tilsette for å sikre eit godt psykososialt arbeidsmiljø for alle tilsette på skulen. Fylkesordføraren opplever at ein har teke situasjonen på høgste alvor, og at ingen har blitt straffa. Samstundes har fylkesordføraren stor forståing for at det er krevjande for dei involverte å stå i ein slik prosess.